



MØTEPROTOKOLL

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 30.05.2022
Møtestad: Heradshuset
Møtetid: 12:30 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ole-Anders Brekklus	AP	Utvalsleiar
Evy Beate Kvamme	SV	Nestleiar
Frode Brekke		Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Britt Brudvik	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Ida Carlsen Eide Aabrek		

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef Helse og meistring
Torstein Mehus, avdelingsleiar i Digitalisering, innovasjon og samfunn, deltok på synfaring i Gatå.
Avdelingsleiar Maren Amanda Thorkildsen ga Rådet omvisning og orientering om bueinga for funksjonshemma i Elvevegen og Aktiviteten dagsenter.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
09/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2022	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
12/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
13/2022	FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE



Vaksdal kommune

Møtet starta med synfaring i Gatå på Dale.

Deretter fekk Rådet omvisning og orientering om bueinga i Elvevegen og Aktiviteten dagsenter.



09/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022

Behandling:

RFF - sak 09/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

10/2022: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022

Behandling:

Kommunalsjef helse og meistring orienterte om framdrift på helsebygget på Jamnetomta og bruk av det nye pasientvarslingsanlegget på sjukeheimen på Vaksdal.

RFF - sak 10/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering.

11/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022

Behandling:



RFF - sak 11/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

12/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022

Behandling:

RFF - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tekne til orientering.

13/2022: FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etter synfaring saman med tenesteområde Digitalisering, innovasjon og samfunn har Råd for menneske med nedsett funksjonsevne følgjande innspel for å betra framkommelegheit og universell utforming i Gatå på Dale:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022

Behandling:

Møtet starta medsynfaring i Gatå saman med avdelingsleiar frå tenesteområde Digitalisering, innovasjon og samfunn.

Følgjande forbetningspunkt vart føreslegne:

- Det er lause heller fleire stader. Avdelingsleiar frå tenesteområde DIS vil følgja opp dette.
- Det vart peika på problemområde i dekke og overgangar ved apoteket, inngang til butikk og brusteinen ved vassrennene. Løysingar for forbetring vart diskutert med avdelingsleiar frå DIS.
- Døropnar til utgangsdør i bygget der apoteket ligg, er svært lite synleg. Leiar for rådet tok



Vaksdal kommune

dette opp med huseigar som var til stades i Gatå.

- Gelender ved utgangsdøra til Coop-butikken er framleist laust. Nestleiar for rådet tek dette opp med butikken.

RFF - sak 13/2022 Vedtak/Tilråding:

Forbetringspunkt vert håndtert som avtala under synfaringa, og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil følgja opp saka.



Eventuelt:

- Spørsmål om grusvegen mellom Geitabakken og Dalebrua kan utbetrast for rullestol- og rollatorbrukarar. Sekretær sjekka med Eldrerådet om det er denne vegen dei alt har tiltak i forhold til.
- Spørsmål om assistanse frå heimetenesta til dusjing og eventuell avlysing på raude dagar. Kommunalsjef svara og vil ta spørsmålet opp med einingsleiar.